



Økonomiske hovudtal

Tabellen syner nokre hovudtal frå Giske kommune sin rekneskap for 2023

Alle tal i heile 1 000

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap	Avvik frå
	2023	2023	2023	2022	oppriinleg budsjett
9 Sum driftsinntekter	817 592	765 947	761 267	803 398	56 325
15 Sum driftsutgifter	797 521	749 989	735 744	746 318	61 777
16 Brutto driftsresultat	20 071	15 957	25 523	57 080	- 5 452
	-	-	-	-	-
22 Netto finansutgifter	- 56 648	- 71 823	- 71 823	- 65 136	14 901
	-	-	-	-	-
23 Motpost avskrivninger	39 615	39 616	40 650	40 650	- 1 035
	-	-	-	-	-
24 Netto driftsresultat	3 038	- 16 250	- 5 650	32 595	8 413

Kommunen sine driftsinntekter var 817,6 mill. kr mot justert budsjett på 765,9 mill.kr. Dette er ein auke på 51,6 mill.kr i høve det opprinnelige budsjettet. Av dette kjem 56,3 mill. kr av større inntekter frå overføringar med krav til motyting (statlege tilskott, sjukepengerefusjon mm.) som har motpostar i driftsutgiftene.

Kommunen sine driftsutgifter var 797,5 mill.kr mot justert budsjett på 750 mill. kr. Auken på 47,5 mill. kr skriv seg i stor grad frå auke i lønsutgifter med 28,9 mill.kr. Auka lønsutgifter må ein sjå i samanheng med sjukelønsrefusjon, som er ein del av kommunen sine driftsinntekter. Tilskott som ikkje er brukte i året vert overført til bundne fond.

Kjøp av varer og tenester blei 252,2 mill. kr mot justert budsjett på 229,2 mill.kr.

Overføring og tilskott til andre vart 29,1 mill.kr og var budsjettert med 27,3 mill. kr.

Kommunen sine netto finansutgifter vart kr 56,6 mill. kr og var budsjettert med 71,8 mill.kr. Det vart ein gevinst på finansane på 14 mill.kr mot budsjettert gevinst på 6 mill.kr. Renteinntekter vart 8,1 mill.kr, og 4,9 mill.kr over budsjett. Auken kjem av auka rentesats og større innskot enn forventna b.l.a. som følge av at premiefond har vorte brukt til å dekke pensjonskostnadane. Renteutgiftene vart om lag som budsjettert.

Endeleg utrekning av minsteavdrag viser at Giske kommune har budsjettert med 1,9 mill.kr for mykje i avdrag.

Giske kommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat på 3 mill. kr. Til samanlikning var netto driftsresultat i 2022 på 32,5 mill. kr, dvs. ein nedgang av netto driftsresultat på 29,8 mill.kr.

Nøkkeltall

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,45	7,1	5,3	1,90	0,73	2,86	3,80
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,37	4,06	4,31	-0,85	1,06	-0,51	2,24

Brutto driftsresultat (BDR)

Brutto driftsresultat viser resultat av ordinær verksemd inkludert avskrivningar. Resultatet uttrykker kommunen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringar og setje av midlar til fond. Brutto driftsresultat i andel av brutto driftsinntekter er på 2,45 prosent i 2023 mot 7,1 prosent i 2022.

Netto driftsresultat

Den viktigaste indikatoren på handlingsrommet for ei kommune er netto driftsresultat. Netto driftsresultat viser resultat etter at renter, avdrag og utlån er belasta rekneskapan og er den delen av overskotet som er disponibelt som egenkapital til investeringar, avsetningar og dekning av tidlegare års underskot.

Netto driftsresultat i perioden 2015 – 2023 %)

Teknisk berekningsutval anbefaler at netto driftsresultat er 1,75%. Giske kommune har som mål eit driftsresultat på minst 3 - 5% for å bygge opp disposisjonsfondet slik at kommunen kan få ein berekraftig økonomi. Giske kommune har no hatt nokre gode år der nivået har vore over det anbefalte nivået og har klart å styrke disposisjonsfondet som no er 5,8 prosent av driftsinntektene. Giske sitt mål er 5 - 10% av driftsinntektene. På grunn av høg lånegjeld bør nivået vere nærare 10% for at kommunen skal ha ein robust økonomi. Det er derfor behov for å styrke disposisjonsfondet ytterlegare i åra framover.

Dersom ein trekker ut årets inntektsførte premieavvik m/arbeidsgiveravgift på kr 3 738 957, hadde Giske kommune eit korrigert netto driftsresultat på - kr 701 000.

KOSTRA

	2023	2023	2022	2022	2021	2021
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,5	-0,7	7,1	1,6	5,4	3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,3	-0,9	4,1	1,6	4,5	3,6
Frie inntekter i kroner per innbygger	68 044	68 849	66 028	67 420	63 118	64 828

Giske har mindre i frie inntekter i kroner per innbygger enn gjennomsnittet i kostragruppe 1, men kjem betre ut både i brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter og netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter enn kostragruppe 1.

